

# Låt o' Link

Medlemsblad for Valdres Folkemusikklag

Nummer 1

mars 2004

Årgang 14

---



*Så omsverma går det an å bli på Strunkeveko. Hulabakken, alias Vetle Springgard, hadde dametekke, skal me tru den framstillinga me fekk av han under konserten Strunkis 2003. (Foto: Strunkeveko)*

**Følg med – meir om Strunkeveko 2004 side 4.**

## *Gode lesar av Låt o Link*

Januar og februar er ettertankens tid for organisasjonsfolk. Då skal ein skrive årsmelding, få på papiret kva laget har gjort siste året, og leggje planar for året som kjem. Valdres Folkemusikklag skal ha årsmøte 19. mars, og papira går ut i desse dagar. (Ta kontakt dersom du er ein av dei som vil ha, men som ikkje er på mottakarlista vår!) Årsmeldinga vart fyldig, den, men sjølv om ho har mange store ord, er det framtida og planlegging som er det viktigaste! Styret har brukt ein del tid på å setja ord på det overordna *målet* med arbeidet. Er det å ha det moro, få trim, nyte musikken, føre tradisjonane vidare, eller er det endå fleire fordelar ved denne fritidsinteressa? Me kom fram til at samfunnsnytta òg er stor, og me vil ha årsmøtet med på å drøfte dette innhaldet:

”Det overordna målet er

- å ta vare på folkemusikken og dansen i Valdres, ein viktig del av kulturarven vår som berre kan overleva ved å vera ein del av aktiviteten vår og liva våre.
- å gjera dette på ein slik måte at det skapar gode samværmiljø for alle aldersgrupper, tek vare på bygdemennesket, skapar ei identitetskjennele og kjensle av eigenverdi.”

Er det litt svulstig? Nei, men ein faktisk realitet at folkemusikkmiljøet bidreg sterkt til å oppretthalde sjølvtilitt, skapa gode levemiljø, noko bra for oppveksten, tru på framtid i dalen og tru på eigen identitet. Andre har andre vinklingar på same målsetjinga; mat, byggeskikk, gjenstandar, språk, og me må alle dra i lag, gjerast bevisste på eigen verdi og andre sine verdiar, veva det saman i eit fint teppe.

Det er bra for folk å vera i aktivitet, samarbeide om eit eller anna på fritida. Folk som trivst, er sjølvsagt den viktigaste ressursen dalen har. Vfl vil gjera sitt for trivselen, og har allsidige oppgåver for eit par år framover. Eit raskt overslag seier oss at me treng eit mannskap på over 1000 i ein treårsperiode for å dekke alle verv frå hovudnemnder til småvakter og styreverv. Det halve av desse finn me på medlemslistene, den andre halvdelan må rekrutterast frå alle aldersgrupper, og målet må bli at det halve av den nyrekrutterte gruppa blir verande aktive i miljøet. Og lokallaga må vera eit godt fungerande apparat til å ta imot dei nye 250 medlemmene..!. *Økonomisk overskot kjem i andre rekkeje framfor eit mannskap som hentar inspirasjon, overskot og stå-på-ynske som varar.*

Me oppmodar alle om å tenkje namn og gjerne tipse nemnder for stemne og styre om folk de trur har lyst til å ta skippertak. Det er nok av dei som har mangla mot til å banke på døra, be om å få lære dansesteg eller bøgadrag, og som no kan gjevast andre innfallsvinklar.

Vfl er no arbeidsgevar for to deltidstillingar. Det er så bra! Me ynskjer Stian Roland velkommen som dagleg leiar for Strunkeveko i 20 % stilling! Solveig har no ansvar for Jørn Hilme-stemnet som dagleg leiar, og ein liten del som Vfl-sekretær. Ola N. Døvre er den nye leiaren, eller generalen for Jørn Hilme-stemnet. Han har tyngd og erfaring frå det politiske liv, og ser absolutt samfunnsnytta ved å bruke tid på å fremje det genuine Valdres med vekt på folkemusikk/dans (apropos det tidlegare nemnde vovne teppet av valdres-verdiar.). Han har alt synt

seg som ein dørøpnar.

Alt for årsmøtet har me hatt ei utskifting i styret: Jan Beitohaugen Granli var representant for museet, men såg det som naturleg at museet oppnemnde ein ny representant då han slutta i vikariatet som folkemusikkarkivar 1.2.04. Knut Opheimsbakken er oppnemnd som ny representant. Me takkar Jan for samarbeidet.

Valdres Folkemusikklag ynskjer alle eit godt arbeidsår!

**Oddrun Hegge**

## **NYTT FRÅ FOLKEMUSIKKVALDRES**

### ***Ny dagleg leiar for Strunkeveko***

Frå 1. februar begynte Stian Roland som dagleg leiar for Strunkeveko, slik at Solveig betre kan få konsentrert seg om Hilme-stemnet og Valdres Folkemusikklag. Styringsgruppa takkar henne for eit triveleg samarbeid dei tre åra ho har vore dagleg leiar.

Stian er ein ikkje ukjend person i miljøet, etter å ha vore ein særskild aktiv leiar i Øystre Slidre Folkemusikklag. No ynskjer me han velkomen i strunkejobben.

### ***Påmelding til Strunkeveko***

Påmeldingsfristen til Strunkeveko 2004 er 15. mai. Faldaren blir laga i desse dagar, og blir send ut før påske til alle tidlegare elevar, til musikkskular, spel- og dansarlag og andre kontaktpersonar. Du kan melde deg på ved å sende inn slippen på brosjyren, eller du kan melde deg på via nettsidene våre alt no: [www.strunkeveko.com](http://www.strunkeveko.com)

### ***Jan vart nominert!***

Dei fleste har vel fått med seg at Jan Beitohaugen Granli var nominert til Spelemannsprisen i klassa folkemusikk, for cd-en "Lite nemmar". Det vart Majorstuen spelemannslag som stakk av med prisen, men nominasjonen var eit heidersteikn i seg sjølv.

### ***Ny leiar for Hilme-stemnet***

Ola N. Døvre er som kjent leiar for Landskappleiken 2006, men no skal han fyrst få øve seg som leiar for Hilme-stemnet. Då Anne Marie Aastad Bråten bad om avløyning i haust, var me svært glade for at Ola ville overta. Me ynskjer han og laget hans lukke til i arbeidet.

### **PÅSKEFEST:**

*Tradisjon tru er det påskefest i Spelemannstogo på Herangtunet onsdagen i påskeveka. Møt opp til dans og fest 7/4 frå klokka 20.00.*

# STRUNKEVEKO – EIN STEMNINGSRAPPORT

Hovudlinjene for Strunkeveko 2004 blir trekte opp i desse dagar. I miljøet vårt held me oss gjerne til tradisjonen J. Likevel kjenner Strunkeveko at framtida og nye kursetableringar pustar oss i nakken. Kunsten er å koma med endringar som er meiningfulle for formålet, nemleg at unge menneske skal få ein arena der dei kan medverke og oppleva sin eigen kunstart, scenisk og sosialt. Det skal me klare, men kom gjerne med spørsmål og innspel!

Strunkeveko 2004 planlegg kurs i fele, hardingfele, song og dans med vekt på halling, toradar og langeleik. Me ynskjer i tillegg å gje pardansen eit større tilbod, og satsar på eit kurs for dansarar som ynskjer å utvikle og få inspirasjon til eige danseuttrykk. Me kjem ikkje til å ha meisterklasse på same måten som før, men satsar likevel på å gje eit særskilt tilbod til elevar på fele og hardingfele som har kome langt i spelet sitt.

Elles held veka fram med sosiale aktivitetar som krullakro, dans, song, fotballkamp, bading og sjokoladekapleik. Me satsar sjølvsagt også på ei konsertrekke for elevar og andre interesserte, men me har eit ynske om å gjera endringar i presentasjonsforma, og truleg er det nettopp i konserttrekkja at nyskapingane kjem i 2004.

I styringsgruppa for 2004 sit Aud Søyland, Ole Aastad Bråten og Ellen Persvold. Me i styringsgruppa er einige om at organisasjonen vår blir betre og betre år for år. Dei siste åra har me hatt svært god hjelp av foreldre som tek på seg grilling, kiosk- og nattevakter under veka. Me håpar at foreldre og andre har lyst til å oppleva det pulserande livet på Strunkeveko også i år, og det gjer du best ved å melde deg til ei arbeidsøkt. Er du interessert? Ta kontakt!

For Strunkestyret 2004 – Ellen Persvold

Strunkis – DRQL!

:o zzZ og R du 7K etter 1001 U OXO?

Prøv Strunkeveko! Gir IRGI! Garantert QLT!

R du i 110 og vil ha info? (: 61364671

@: vfl@senswave.com

\*S\* J frå

8-)Aud, C|:-)Anders, {:-) Solveig,

:-)8 Ole og :-) Ellen.

P.S. Kan nokon skrive inn i gjesteboka på strunkesidene ([www.strunkeveko.com](http://www.strunkeveko.com)) og forklare meg denne meldinga? Vyrdsamt – Ellen

# NYTTIGE FOLKEMUSIKKDATOAR

## *Årsmøtet i Valdres Folkemusikklag*

skal vera i Slidrehuset, Valdres Folkemuseum, fredag 19. mars frå kl. 19. Kvart lokallag kan stille med to representantar med stemmerett, men alle medlemmer i laga har møte- og talerett.

Det viktigaste diskusjonstemaet blir kanskje målsetjinga for Folkemusikklaget, og arbeidsoppgåvene framover. Styret set difor stor pris på om mange medlemmer kjem denne kvelden.

Frode Rolandsgard kjem som gjest frå styret frå Landslaget for Spelemenn, og kan fortelja siste nytt frå toppen i organisasjonen.

## *Lokalkappleiken er utsett til 24. april*

Gløym tidlegare datoar, og set av 24.4.! Nokre fotball- og folkemusikkentusiastar trygla oss om å setja ut stemnet ei veke sidan det kolliderte med Sparebanken Nor-cupen i Valdreshallen. Så galante er dei sør i dalen overfor fotballen at dei ikkje vil øydeleggje for dei...

Alle er vel møtt til lokalkappleik og runddansstemne på tradisjonelt vis på Sør-Aurdal ungdomsskole i Bagn laurdag 24. april frå kl. 11. Annonse i avisa Valdres kjem seinare.

## *Landskappleiken*

er i Eidfjord i Hardanger dette året, 24.–27. juni. Påmeldingsfristen for dei som skal delta, er 15. mai. Dei som skal delta i open klasse, må sende inn eit lydopptak innan 1. april. Meir informasjon på [www.folkemusikk.no](http://www.folkemusikk.no)

## *Landsfestivalen i gammaldansmusikk*

skal vera i Oppdal 14.–18. juli. Påmeldingsfristen er ... Meir info på [www.folkemusikk.no](http://www.folkemusikk.no)

## *Jørn Hilme-stemnet*

skal vera på Fagernes 19.–25. juli. Til det trengst både deltakarar, hjelperar og publikum. Ta kontakt dersom du kan tenkje deg å bli med i mannskapet: [www.hilme.com](http://www.hilme.com)

## **KURSHELG OG RUNDDANSFEST**

*Helga 30.4.–2.5. er det kurshelg og runddansfest på Solhaug.*

*»Tørstad og Storengen med orkester» spelar til dans.  
I tillegg blir det kurs i springar og halling.*

# Primstaven mars-juni 2004

## Mars

Tysdag 16.	Spel-/dansekveld	Vkv	Åsvang kl. 19–21
Onsdag 17.	Dansetreff	VS/Vå	Ulnes skule kl. 19.30–22
Torsdag 18.	Lått og leven	ØS	Midtre Hegge skule kl. 19–21
Fredag 19.	Årsmøte	Vfl	Slidrehuset kl. 19
Syndag 21.	I Valdrestakt	Vfl	Gml. Fagernes skole kl. 19–21
Onsdag 24.	Dansetreff	VS/Vå	Ulnes skule kl. 19.30–22
Torsdag 25.	Hardingfele	ØS	Spelemannstogo kl.19
Fredag 26.	Danseøving	VS/Vkv	Gamle Røn skule kl. 19.30
Laurdag 27.	Cd-presentasjon Ola Grihamar d.e.	Vkv	Øye samfunnshus kl. 19.30
Syndag 28.	Song	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Syndag 28.	Syndagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 20
Tysdag 30.	Spel-/dansekveld	Vkv	Åsvang kl. 19–21
Onsdag 31.	Dansetreff	VS/Vå	Ulnes skule kl. 19.30–22

## April

Fredag 2.	Fredagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 21
Onsdag 7.	Påskefest	ØS	Herangtunet kl. 20
Sundag 11.	Konsert	Vå	Aurdal kyrkje kl. 19
Torsdag 15.	Langeleik	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Fredag 16.	Langeleikøving	VS	Sjukeheimen V. Slidre kl. 16
Syndag 18.	Song	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Syndag 18.	Syndagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 20
Syndag 18.	I Valdrestakt	Vfl	Gml. Fagernes skole kl. 19–21
Torsdag 22.	Hardingfele	ØS	Spelemannstogo kl.19
Laurdag 24.	Lokalkappleik/ runddansstemne	B	Sør- Aurdal ungdomsskule i Bagn frå kl. 11
Syndag 25.	I valdrestakt	Vfl	Gml. Fagernes skole kl. 19–21
Torsdag 29.	Langeleik	VS	Sjukeheimen Vestre Slidre
Torsdag 29.	Lått og leven	ØS	Midtre Hegge skule kl. 19–21
30.4.–2.5.	Kurshelg m/fest	ØS	Solhaug

## Mai

Syndag 2.	Song	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Syndag 2.	Syndagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 20
Torsdag 6.	Hardingfele	ØS	Spelemannstogo kl.19 Instr. kl.20 Lagsp.
Laurdag 8.	Folkepøbb	VS	Fossheim Hotell frå kl. 20
Syndag 9.	Song	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Syndag 9.	Syndagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 20
Syndag 9.	I Valdrestakt	Vfl	Gml. Fagernes skole kl. 19–21
Torsdag 13.	Langeleik	ØS	Spelemannstogo kl.19
Fredag 14.	Langeleikøving	VS	Sjukeheimen V. Slidre kl. 16
Syndag 16.	Song	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Syndag 16.	Syndagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 20
Torsdag 20.	Hardingfele	ØS	Spelemannstogo kl.19 Instr. kl.20 Lagsp.
Syndag 23.	Song	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Syndag 23.	Syndagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 20
Syndag 23.	I Valdrestakt	Vfl	Gml. Fagernes skole kl. 19–21
Torsdag 27.	Lått og leven	ØS	Midtre Hegge skule kl. 19–21
Syndag 30.	Song	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Syndag 30.	Syndagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 20

## Juni

Torsdag 3.	Hardingfele	ØS	Spelemannstogo kl.19. Instr. kl.20 Lagsp.
Fredag 4.	Fredagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 21
Syndag 6.	Song	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Syndag 6.	Syndagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 20
Syndag 6.	I Valdrestakt	Vfl	Gml. Fagernes skole kl. 19–21
Torsdag 10.	Langeleik	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Syndag 13.	Song	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Syndag 13.	Syndagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 20
Syndag 13.	I Valdrestakt	Vfl	Gml. Fagernes skole kl. 19–21
Torsdag 17.	Hardingfele	ØS	Spelemannstogo kl.19 Instr. kl.20 Lagspel
Syndag 20.	Song	ØS	Spelemannstogo kl. 19.00
Syndag 20.	Syndagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 20.00
Syndag 20.	I Valdrestakt	Vfl	Gml. Fagernes skole kl. 19–21

# OLAV ANDREAS HAUGE (1904–2000)

I år er det 100 år sidan spelemannen og tradisjonsberaren Olav Hauge frå Leira vart fødd.

I nesten 100 år var livet hans Olav fylt med song og musikk. Han førte vidare ein av dei best dokumenterte familie-tradisjonane i norsk folkemusikk.

Faren, Andreas Hauge (1864–1950), var ein allsidig spelemann på langeleik, hardingfele og andre eldre instrument. Folkemusikkgranskaren Arne Bjørndal nytta han som hovudkjelda si for innsamling av tradisjon i Valdres. Farmora var ”Bokbindar-Marit”, dotter av langeleikspelaren Marit Follinglo og syskenbarn til spelemannen Bendik Toreson Gausåk. Såleis var Olav 5. generasjon i ein tradisjon med røter attende til spelemannen Knut P. Rengistad, f. 1728.

Frå mora, Marie, fekk Olav songgleda og evna til å kunne glede seg over dei små tinga i kvardagen.

Alt på 1960-talet vart det gjort opptak av Olav sitt spel på langeleik og munnharpe. Særleg på munnharpe hadde han ein eineståande teknikk. Det er elles verdt å merke seg at han smidde harper. Forteljarkunsten og forteljargleda hans er solid dokumentert og vil bli verdsett høgt i framtida.

Ein solskinsdag i samband med Jørn Hilde-stemnet i 1999 fekk ei busslast med spelemenn og folkemusikkinteresserte på rundtur i Nord-Aurdal treffe Olav, spele og danse for han, og seie han ein hjartans takk for at han har teke so vel vare på musikkarven. Olav song klokkeint i lag med munnharpespelet hans Anders Røine. Eit minne for livet for oss som fekk oppleve det! Heldigvis fekk fleire utøvarar høve til å vitje Olav dei siste åra han levde, slik at dei fekk oppleve han og lære direkte av han.



*Dette er langeleiken som vart brukt i familien til Olav Hauge i fem generasjonar. Foto: Elisabeth Kværne*



Dessverre finst det ikkje opptak av hardingfelespelet til Olav Hauge. Arne Bjørndal skreiv opp mange låttar etter faren Andreas; 14 låttar er med i hardingfeleverket. Fleire har uvanlege namn, som Sissel, Hestebjølludn i Svartedauen og Fan på Øltunna !

Dei fortel om ei enkel, men original tradisjonsline, med ein solid førekomst av låttar etter Bendik i Nøen. Olav kunne fortelje at då han var gutunge, budde stor-spel menn på konsertferd ofte heime hjå dei. Lorenz Hop, Kjetil Flatin og dottera Signe er spel menn Olav vart godt kjent med. Han hugsar at han som gut hørde Ulrik i Jensestogun, Olav Moe og Ola Fystro spele i lag med faren!

Langeleiklåttane Olav spelte, er og originale, både i førekomst, form og spel måte. Og han var trufast mot den gamle langeleiken som hadde vore nytta i slekta i fem generasjonar. Han var medviten om plasseringa av notane, og mislikte alle forsøk på modernisering.

Det mest minneverdige ved Olav var songrøysta. Sterk og klår i ein alder av 94 år! Og med ei innleving og formidlarevne som nokon kvar kunne ynskje å ha hatt.

Det som kjenneteiknar materialet etter Olav, er tradisjonsrikdomen, sogene, tekstane og segnene han fortalde – og fortalde godt !!

Olav døydde hausten 2000, men lever vidare gjennom låttane, songstubbane og segnene han var så glad i. ”Songen og musikken har vore heile mitt liv,” sa Olav.

Musikken etter han finst i dag i ulike folkemusikkarkiv. Ta i bruk dei opptaka! Det var det høgaste ynsket Olav hadde. Minnet om Olavs venlege vesen og djupe kjærleik til folketonane vil gjere det lettare å gje dei nytt liv.

Elisabeth Kværne

## «LÅTT OG LEVEN»!

Midtre Hegge skule 18.3., 29.4., 27.5., kl. 19.00–21.00

Eit tilbod for alle i kulturskulen som driv med folkemusikk, og andre interesserte ein gong i månaden!

Instrumentundervisning, Dans og sosialt samvær. Hardingfele, fele, song, langeleik, toradar, munnharpe og halling.

Gratis for musikkskuleelevar og medlemar i spel- og danslaget, andre betalar kr 10 pr. gong.

Ta kontakt for meir informasjon: *Stian Roland, 90722690 / [rolandstian@hotmail.com](mailto:rolandstian@hotmail.com)*

# HARDINGFELEVERKET PÅ INTERNETT!

Veit du at du kan finne alle låttane i Hardingfeleverket på Internett??

Du kan søke i databasen etter namn, tradisjonsområde, spelemann, stad og mykje anna. Så får du opp låtten i utskriftsvenleg format, med oversyn over felestille, tradisjon, variantar o.a.

Legg det ut som snarveg på skrivebordet ditt, og stikk innom sidene når du kjedar deg og vil prøve noko nytt! – [www.hf.uio/imt](http://www.hf.uio/imt)

Klikk deg vidare derifrå, så kjem du til søkesida. Du kan lære mykje av artiklane som ligg der og.

Endeleg er også notebindet til L.M. Lindemans ”Norske folkeviser og religiøse folketoner” på CD-rom komme!

På CD-romen kan du søkje i fritekst, samtidig som det går an å klikke seg frå tekst til notar og attende. Kjempetreitt.

MEN: CD-romen blir ikkje utskriftsvenleg og kan ikkje erstatte bøkene. Du kan tinge boka på Valdres Folkemuseum, eller direkte frå forlaget: [novus@novus.no](mailto:novus@novus.no)

Der får du og info om pris o.a.

Om du lærer deg ein ny melodi til dagen, er du gjennom boka om sju år! Meir om dette i neste nummer!

Elisabeth

## DEN NORSKE FOLKEMUSIKKSCENA

Valdres Folkemusikklag har no vorte med i nettverket av folkemusikkscener i Noreg. Den norske folkemusikkscena v/Asgaut Bakken set opp turnear vår og haust, der kvar enkelt scene kan velje konsertar. Fyrste konsert i Valdres var på Fagerlund Gjestehus 23. februar med Ingvill Marit Buen Garnås som presenterte cd-en ”På Grønalihei”. Ho hadde med seg musikarane Per Anders Buen Garnås, Anders Erik Røine og Harald Høivik.

Det blei ein god start med ein flott konsert i trivelege omgjevnader. Dei vel 40 tilhøyrarane sette pris på denne kvelden, der dei også kunne kjøpe god mat og drikke, og etter konserten svinge seg i dansen.

Solveig

### *Store utbetringar i hytta til Valdreslaget*

Ny leiar i Valdreslaget i Oslo, Elisabeth Bring, seier at laget har tre hovudutfordringar framover. Det er å skapa eit lag der valdrisar (og dei som ynskjer at dei var det), kjenner seg heime, å halde på eit levande miljø rundt valdresspringaren, og å få til eit levande miljø rundt hytta på Buvollen. Hytta er ei perle der ho ligg, og store utbetringar har vore gjort på henne dei siste åra. Ein danseplattung utanfor hytta er i emning.

– Buvollen er ein grunn i seg sjølv til å melde seg inn i laget, seier Bring, og då får ein kome alle tre hovudutfordringane i møte: brukt hytta, teke ein dans og kjent seg som valdris.

## **NYE OPNINGSTIDER I ARKIVET!**

Inntil vidare blir folkemusikkarkivet ope torsdag og fredag frå 9.00 til 15.00. Seinare blir det kveldsope ein dag i veka, men ta inntil vidare kontakt med Elisabeth om du ynskjer å komme utanom faste opningstider, så ordnar det seg. Fornøgde kundar er vår beste reklame!

Tlf. arkiv: 61 35 99 32

Mobil Elisabeth: 900 45 834

## **NYTT I ARKIVET**

Siste funn i folkemusikkarkivet på Valdres folkemuseum er nye, gode optak med Lars Bertelrud og ei yngre Ragna Brenno som fortel og spelar Langeberglåtten.

Banda kjem frå Bersrudsamlinga i Hedalen.

Ein masurka etter Ulrik i Jensestogun er mellom godbitane som ikkje var i arkivet frå før. Kom og høyr !

# NYTTIGE NAMN OG NUMMER

## B

Lag	Leiar/kontaktp.	Telefon	Mobiltf.	E-post
Begnaljion spel- og dansarlag	Inger Mari Sørurn	61 34 82 92 (p)		inger.soerurn@hig.no
Emedal spel- og dansarlag	Bergljot Hedda Lunde			bhedda@hotmail.com
Valdreskvelven spel- og dansarlag	Kari Hagasech	61 36 82 27 (p)	988 57 553	
Valdreslager i Oslo	Elisabeth Bring	22 13 79 64 (p)		elisabeth.bring@c2i.net
Vestre Slidre spel- og danselag	Astrid Olga Bråten	61 34 33 14 (p) 61 35 93 06 (a)	900 64 316	astrid.braten@senswave.com
Vårfaunnen spel- og dansarlag	Knut Aastad Bråten		907 68 797	lauskar@hotmail.com
Øystre Slidre spel- og dansarlag	Jorunn Nordli	61 34 22 66 (p)	418 02 584	
Valdres Folkemusikklag	Oddrun Hegge	61 36 56 52 (p)	971 76 868	audrun@frisurf.no
Vfl. dagl. leiar	Solveig Hårdnes	61 36 46 71		vfl@senswave.com
Jørn Hilme-stemnet, dagleg leiar	Solveig Hårdnes	61 36 46 71		vfl@senswave.com
Strunkeveko	Stian Roland	61 36 46 71	994 48 486	leiar@strunkeveko.com
Landslaget for Spelmenn	Randi Skeie Ljones	61 26 10 42 (p)	995 22 538	
Landslaget for Spelmenn, dagl.l.	Magnar Sundt	22 42 45 30	950 85 647	lfs@folkemusikk.no